



LHL Radøy Berit Kvalvik

Kviste

5936 MANGER

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/1727 - 15/11201

Saksbehandlar:

Arthur Kleiveland

arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:

22.09.2015

## Framlegg om medlemer til Radøy eldreråd - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019

Radøy kommunestyre skal velja eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne for perioden 2015-2019. Kommunestyret vel medlemene i rådet etter at organisasjonane har fått høve til å koma med framlegg på kandidatar. Vala gjeld for heile valperioden.

Etter § 2 i Lov om eldreråd har pensjonistforeiningar rett til å koma med framlegg om medlemer til eldrerådet. Fleirtalet av rådsmedlemene skal vera alderspensjonistar i kommunen. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

I kommentarane til lova vert det også gjeve høve for andre typar frivillige organisasjonar og foreiningar som driv arbeid blant eldre, som t.d. lokallag av landsomfattande organisasjonar og foreiningar, til å føreslå medlemer til eldrerådet.

Det er ikkje noko krav om at føreslegne medlemer må vera medlemer i organisasjonen, foreininga eller laget som kjem med framlegget. Rådet har 6 medlemer oppnemnde av kommunestyret.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har seks medlemmar. Fire vert valde etter framlegg frå organisasjonane, og to vert valde mellom dei folkevalde.

Vi ber om at eventuelle framlegg til eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne inneheld namn på både kvinner og menn.

Vedlagt følgjer reglement for Radøy eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vi ber om at eventuelle framlegg vert sendt Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger innan 29.oktober 2015.

Med helsing

Arthur Kleiveland  
konsulent kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Reglement for Radøy eldreråd (L)(152445)  
Reglement for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (L)(127819)

**Mottakarar:**

LHL Radøy Berit Kvalvik

Kviste

5936

MANGER